

## Referat kommunalt Foreldreutval (KFU) i Giske kommune

Stad::	Giske Rådhus kommunestyresalen	Møtedato/tid	20. januar 2020 1800:2000
Leiar:		Møte nr.:1/20	01/2020
Møtt:	Malin Larsen, Andreas Holmberg, Silje Brungot, Anna Lena Valderhaug Gjørund, Belinda Utnes Piel, Henny Blindheim Skjong, Karoline Roald Skjong, Magnhild Kristin Molnes Giskegjerde, Marthe Alnes Aarøe, Hans-Joachim Kobilschke -- Pedagogisk rettleiar Oppvekst. <b>Sak 03/20 til 05/20</b> er også foreldrerepresentanten ved dei kommunale barnehagane innkalla.		
	Forfall: Kommunalsjef oppvekst.		

## Saksliste

Saksnr.	Tema:
01/20	Godkjenning av innkalling: Godkjent
02/20	Godkjenning av referat 031219: Godkjent
03/20	<b>Presentasjon av deltakarane – KFU</b> Deltakarane presenterte seg for kvarandre og kva FAU dei representerte.
04/20	<p><b>Orientering om arbeidet med “ny organisering – oppvekst”</b></p> <p>Åse Elisabeth Skjærseth presenterte mandat, rammer og prosess i arbeidet med Ny organisering av oppvekstsektoren. Det er nedsett ei breit samansett arbeidsgruppe der også foreldgrupper i kommunen er representert. Arbeidet er politisk bestilt med bakgrunn i Kommunestyrevedtak K-062/17 (økonomiplan 2018-2020) og K-026/18. Politikarane har bedt om at det vert sett på struktur (tal på barnehagar/skular), leiing, og kva for tenester som kan vere ein del av oppvekstsektoren.</p> <p>Det er politisk bestemt at rapoorten skal legge til rette for ei innsparing på 1.5 MNOK for 2020 og 3 MNOK for 2021 og vidare. Derfor er arbeidsgruppa bedt om å levere analyse av ulike einingsstrukturar td ein felles u-skule og og å samle 1.-7. klassingane frå Godøy på Godøy skule. Dette vert handsama i kommunestyre i 26.03.2020. Vidare skal arbeidsgruppa sjå på organisering og lederstruktur som skal leggast fram for politisk behandling i 06.05.2020.</p> <p>Delrapporten om struktur skal greie ut om følgjande alternativ:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. <i>Dagens struktur</i></li> <li>2. <i>Utvide skulekrinsen til å omfatte Vigra, Godøy, Valderøy og Giske for 8 – 10 trinn (ein ungdomsskule), legge ned Alnes skule.</i></li> <li>3. <i>Utvide skulekrinsen til å omfatte Vigra, Godøy, Valderøy og Giske for 1 -7 trinn (ein barneskule)</i></li> </ol>

4. *Utvide skulekrinsen til å omfatte Giske og Valderøy for 1 – 7 trinn (tre barneskular) Evt. Giske skule som avdeling ved VBS*
5. *Samle kommunal barnehage til ei eining*
6. *To kommunale barnehagar med ein einingsleiar*
7. *Oppvekstsenter*

Agenda Kaupang vil analysere talmaterialet frå Giske kommune, og dermed kvalitetssikre den økonomiske delen av rapporten. Agenda Kaupang har fått i oppdrag å analysere både dagens kostnad ved ulike alternativ og framskrivingar for å vise kommunens kostnader ved dei ulike alternativa. Agenda Kapupang vil sjå analysen i eit 10 års perspektiv.

Arbeidet med Leiing og organisering (innhald) av oppvekst vil fortsette etter at delrapporten er levert.

KFU hadde ein del spørsmål knyt til arbeidet, men sa seg nøgd med korleis rapporten var bygd opp, og at eksterne skal utreie talgrunnlaget for dei ulike alternativa.

Det blei også diskutert om rapporten tok høgde for generell samfunnsutvikling i Giske kommune. Rapporten vil innhalda ei avgrensa analyse som ikkje tek opp alle kvalitetar som KFU medlemmene fremjar. Arbeidsgruppa legg opp til at andre aspekt ved skulestruktur kjem fram i høyring og politiske innspel.

KFU ønskjer ein tett dialog med både arbeidsgruppe og administrasjon i denne saka. Dei peikar på at informasjonsbehovet for foreldre og elevar er stort. Dei treng korrekt informasjon i god tid for å kunne vere ein god lagspelar. KFU har eit politisk oppnemnt medlem i arbeidsgruppa, leiar Marthe Alnes Aarøe. KFU kan spele inn forslag eller spørsmål via ho: [martheaaroe@gmail.com](mailto:martheaaroe@gmail.com) /mobil 926 45 594.

Medlemmar i KFU kan også spele inn forslag direkte til leiar av arbeidsgruppa: Åse Elisabeth Skjærseth på: [ases@giske.kommune.no](mailto:ases@giske.kommune.no) eller Pedagogisk fagrettleiar Hans E. Pilskog på: [hanpil@giske.kommune.no](mailto:hanpil@giske.kommune.no)

*Oversyn over dei ulike medlemmene i arbeidsgruppa om endring av skulestruktur ligg ved nedst i referatet.*

Pedagogisk leiar peikar på at prosessen er vanskeleg for skulane, å bli vist fram slik rapporten gjer kan vere krevjande for dei tilsette i skulen. Han oppmodar KFU og dei ulike FAU ved skulane gjeng ut med korrekt informasjon og manar til sindig engasjement som ikkje splittar folk.

Representantane for SU – barnehage fråtrer møte, ber om å få rapport tilsendt digitalt når den er ferdig.

Rapporten blir sendt ut på høyring høyring måndag **17.02.20** med 3 vekers høyringsfrist.

	Rapportane frå arbeidsgruppa og Agenda Kaupang skal til behandling i kommunestyret med tilråding frå Kommunaldirektøren (Rådmann) <b>26.0320</b>
05/20	<b>KFU drøftar veggen vidare</b> KFU vil ha rapporten digitalt tilsendt straks den er ferdig og offentleg. Dei vil også spele inn sine forslag til arbeidsgruppa og administrasjon. Dei vil halde kontakt med kvarandre i KFU for å dele informasjon og drøfte saka vidare.
06/20	KFU valte <b>Marthe Alnes Aarøe</b> som leiar og <b>Anna Lena Valderhaug Gjøsund</b> som nestleiar med akklamasjon  Vedlegg: <i>oversyn over FAU leiar og nestleiar frå kvar enkelt skule</i>
07/20	<b>KFU legg neste møte til onsdag 26. februar. Stad: Giske rådhus , kommunestyresalen.</b> <b>Tema blir rapporten, men er der andre sakar som skal drøftast meldast det inn til leiar eller nestleiar seinast 14. februar</b> Leiar og nestleiar vil sette opp saksliste og sende ut i forkant. Kommunen vil sende ut innkalling og booke møtelokale for KFU.
08/20	<b>Eventuelt</b>  a) KFU vil bruke appen SPOND som kommunikasjonsplattform for å halde kontakt med kvarandre, og sikre at alle får same informasjon og har tilgang til dokument og referat. Nestleiar Anna Lena Valderhaug Gjøsund tek ansvar for at dette blir gjennomført, og legg til medlemmene i KFU.  b) Magnhild Kristin Molnes Giskegjerde frå FAU Giske skule fortalte om opplegget dei arrangerte saman med skulen på Giske. Dei inviterte Mobbeombod i Møre og Romsdal, Kristin Øksenvåg. Ho fortalte om mobbing, men vekta inkluderande praksis og tilhøyrsløse. Etter ei innleiing hadde foreldra delt seg opp i grupper på tvers av kjente relasjonar og drøfta ulike spørsmål på korleis dei kunne fremje inkluderande praksis og tilhøyrsløse hos barna. Barnehagen var også en del av opplegget, då mobbing og ekskluderande praksis startar i svært låg alder. Målsettinga var å auke trivselen for alle born på skulen og i barnehagen gjennom gjere foreldra medveten om mobbing og korleis dei kan motverke det.  c) KFU drøfta ulike tema som dei ønskjer å drøfte framover, og kanskje arrangere opplysningskveldar som gjelde for alle barn og foreldre i kommunen. Tema som kom opp var: grensesetting for egne og andre barn, spel og digitale arenaer, inkludere og mobbing. I tillegg kom det fram at KFU ønskjer å drøfte praksis med iPad i skulane, korleis administrere tilgang og korleis skal foreldre få tilgang til å sjå kva barna skal gjere på skulen. KFU var også bekymra for mindre lesing av tekst i bøker og mindre arbeid med handskrift.  Pedagogisk fagrettleiar fortalte at kommunen har ei god oversikt over

kompetansefolk som kan hyrast for informasjon til KFU, alle medlemmene i FAU eller arrangere foreldrekveldar for heile kommunen. Det kan vere at kommunen kan stille med økonomisk finansiering eller delbidrag av finansiering. Det må søkast til kommunen i kvart tilfelle. KFU tek opp igjen dette når handsaming av første delrapport er ferdig.

## OVERSIKT Kommunalt foreldreutval (KFU) – Giske kommune 2019 / 2020

Skule:	Tittel	Namn:	E-post:
Vigra Skule	Leiar FAU	Malin Larsen	<a href="mailto:egmalin@outlook.com">egmalin@outlook.com</a>
Vigra Skule	Nestleiar FAU	Andreas Holmberg	<a href="mailto:andreas.holmstrom@gmail.com">andreas.holmstrom@gmail.com</a>
VBS	Leiar FAU/Nestleiar KFU	Anna Lena Valderhaug Gjøsund	<a href="mailto:annalena@utek.no">annalena@utek.no</a>
VBS	Nestleiar FAU	Silje Brungot	<a href="mailto:Silje.Brungot@firsthotels.no">Silje.Brungot@firsthotels.no</a>
Giske	Leiar FAU	Magnhild Kristin Molnes Giskegjerde	<a href="mailto:magnhild_km@hotmail.com">magnhild_km@hotmail.com</a>
Giske	Nestleiar FAU	Belinda Utnes Piel	<a href="mailto:belinda@mimer.no">belinda@mimer.no</a>
Godøy	Leiar FAU/Leiar KFU	Marthe Alnes Aarøe	<a href="mailto:martheaaroo@gmail.com">martheaaroo@gmail.com</a>
Godøy	Nestleiar	Hans-Joachim Kobilschke	<a href="mailto:hjkobilschke@yahoo.com">hjkobilschke@yahoo.com</a>
VUS	Leiar FAU	Karoline Roald Skjong	<a href="mailto:karol-sk@online.no">karol-sk@online.no</a>
VUS	Nestleiar	Henny Blindheim Rørvik	<a href="mailto:henny079@hotmail.com">henny079@hotmail.com</a>

### Oversyn over arbeidsgruppe «Ny organisering oppvekst»

Arbeidsgruppa for *Ny organisering oppvekst* vart oppnemnd av rådmannen og hadde sitt første møte 29.10.2019

Leiar livsløpsutvalet - Monika Vartdal Giske (politisk)

Nestleiar livsløpsutvalet - Erlend Giskeødegård Holm (politisk)

Einingsleiar Barn, Familie, helse - Greta Giske

Hovudtillitsvald – Ruben Lie Monsen (haust 2019) og Elin Moe frå nyttår

Einingsleiar skule –Oddfrid Reinlund (konstituert)

Einingsleiar barnehage – Elias Martinius Valderhaug (konstituert)

Representant frå Kommunalt FAU – Marte Alnes Aarøe (oppnemd i kommunestyre 12.12.19)

Pedagogisk rådgivar barnehage – Cecilie Holen

Pedagogisk rettleiar – Hans Edvard Pilskog

Kommunalsjef for oppvekst

Representant frå eigedom – Robert Valderhaug

Prosjektleder - Åse Elisabeth Skjærseth